

**Fra:** Martin Gjerde Skrede <msk@harris.no>  
**Sendt:** tirsdag 28. mars 2023 10:44  
**Til:** Mette Robertsen  
**Kopi:** Børje L. Hoff  
**Emne:** SV: Gbnr. 324/4 i Alver kommune - søknad om endring av gitt løyve - sak 22/2989-22/82368

Hei, Mette.

Takk for tilbakemeldinga.

Det ser ut til at det har falle ut eit «ikkje» frå e-posten eg sendte 15.03.2023, og eg stadfester at det *ikkje* vert søkt om andre endringar enn kotehøgda.

Tiltakshavar har også gjort ei vurdering av behovet for nabovarsling av søknaden om endring av gitt løyve, og vurderer det slik at vilkåra for å unnlate nabovarsel etter pbl. § 21-3 (2) er oppfylte. Tiltakshavar viser til at driftsbygget som vart godkjent den 11.11.2022 vart nabovarsla utan at det kom inn nabomerknadar til tiltaket. Sidan endringa tiltakshavar no søker om ikkje påverkar naboane i negativ grad, men heller inneber ein fordel i form av at kotehøgda til det godkjente driftsbygget vert redusert med ca. 4 meter, kan ikkje tiltakshavar sjå at det er naudsynt å nabovarsle søknaden om endringa av det gitte løyvet – interessene til naboane er ivaretekne, jf. pbl. § 21-3 (2).

Eg ber om at de stadfester at e-posten er kome fram, og at ovannemnde merknad om behovet for nabovarsel tilfredsstillar førespurnaden som vart sendt i går om slik kommentar.



Med vennleg helsing

Martin Gjerde Skrede  
Advokatfullmektig

478 50 067 | [msk@harris.no](mailto:msk@harris.no)

Harris Advokatfirma AS  
Dreggsallmenningen 10/12  
PB 4115 Sandviken, 5835 Bergen  
55 30 27 00 | [harris.no](http://harris.no)

Følg oss på [Facebook](#) og [LinkedIn](#).

*Dersom du tek i mot e-posten ved ein feil, ber vi om at du slettar den og informerer avsendar*

---

**Fra:** Mette Robertsen <[mette.robertsen@alver.kommune.no](mailto:mette.robertsen@alver.kommune.no)>

**Sendt:** måndag 27. mars 2023 10:03

**Til:** Martin Gjerde Skrede <[msk@harris.no](mailto:msk@harris.no)>

**Emne:** SV: Gbnr. 324/4 i Alver kommune - søknad om endring av gitt løyve - sak 22/2989-22/82368

Hei Martin,

Eg har vore sykmeldt ein periode. Bekrefter med dette at meldinga frå Dykk er motteke, og beklager sein tilbakemelding.

Me forstår det slik at høgdeplasseringa er anngitt ved feil kotehøgda, men at dei faktiske forholda ikkje er endra.

Søknaden vert handsama no, og eg reknar med at De har eit løyve ein av dei fyrstkommande dagane.

Det går fram av meldinga frå Dykk at De gjer merksam på et det vert søkt om andre endringar enn kotehøgda, men eg reknar med at dette er ein skrivefeil. Om ikkje det er rett forstått, vær snill å gje meg ein attendemelding.

Ha ein fin dag.

Vennleg helsing

**Mette Robertsen** | Rådgevar Plan og byggesak

Telefon:

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



---

**Fra:** Martin Gjerde Skrede <[msk@harris.no](mailto:msk@harris.no)>

**Sendt:** onsdag 15. mars 2023 11:14

**Til:** Mette Robertsen <[mette.robertsen@alver.kommune.no](mailto:mette.robertsen@alver.kommune.no)>

**Kopi:** Børje L. Hoff <[blh@harris.no](mailto:blh@harris.no)>

**Emne:** Gbnr. 324/4 i Alver kommune - søknad om endring av gitt løyve - sak 22/2989-22/82368

Hei.

Harris Advokatfirma AS representerer tiltakshavar Tore Mjåtvedt i sak 22/2989 – 22/82368 i Alver kommune.

Den 11.11.2022 gav Alver kommune dispensasjon og løyve til oppføring av driftsbygning/reiskapshus.

På bakgrunn av at det er oppgitt feil kotehøgde i den ovannevnte søknaden som vart godkjent den 11.11.2022, vert det no søkt om endring av det gitte løyvet, slik at kotehøgda vert korrigert, sjå vedlagd søknad om endring av gitt løyve med korrigerede kotehøgder og vedlagd teikning med kotehøgden som opphavleg vart omsøkt og godkjent.

Eg gjer merksam om at det vert søkt om andre endringar enn kotehøgda - utføringa vil elles vere i samsvar med løyvet som allereie er gitt.

Dersom de har spørsmål, ber eg om at de tek kontakt.



---

Med vennlig hilsen

Martin Gjerde Skrede  
Advokatfullmektig

478 50 067 | [msk@harris.no](mailto:msk@harris.no)

Harris Advokatfirma AS  
Dreggsallmenningen 10/12  
PB 4115 Sandviken, 5835 Bergen  
55 30 27 00 | [harris.no](http://harris.no)

Følg oss på [Facebook](#) og [LinkedIn](#).

Hvis e-posten mottas ved en feil, ber vi om at den slettes og avsender underrettes.

---